

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Julenissen

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellevold

(adresse): Dalsøyra

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskr. etter Jon Kjellevold, pensj. postopnar og gardbr. 85 år.

## SVAR

1. Julenissen som ~~ikkje~~ deler ut julegåver har vori kjent her i 25 - 30 år. Det var då nokre ungdomar, helst i konfirmasjonsalderen som tok til å kle seg ut som nissar og gå rundt i heimane til folk. Det var serleg nyårsaftan dei var ute og for i den fyrste tida, men det kunne og vera andre kveldar. No er det helst julledagane dei er ute og ferdast. Skikken vart nok helst kjend gjennom julekort og julehefte.
2. I den fyrste tida var det nokså sjeldan at julenissane hadde julegåver med. No er det vorti meir vanleg, men no er det ofte av dei største borna som går julenisse. Dei får då jamnast kaker eller eple eller anna småtteri for bryet.
3. No er det helst born som kler seg ut som nissar. Det kan vera både gutter og jenter. Sume er store og andre er små.
4. Utstyret er det ikkje så farleg med, men jamnast har dei då julemaske med langt kvitt skjegg. Ofte har dei laga maska sjølve. Kleda elles er jamnast skjørtet til mor, eller ein filledress etter bestefar. Stutt sagt det dei har for hand, men helst skal det vera så avbrikjeleg som mogleg. Stav er vanleg.
5. Både ~~ikkje~~ deler vert bruka, men no vert vel maske ne oftast kjøpte.
6. Julenissemaske vert og ofte brukt når ein går julebukk, men ho skal då helst vera føl og stygg.
7. Julebukkane deler ikkje ut julegåver.

8. Desse julenissane som er ute og ferdast no for ti-da vert ikkje sett i samband, med den gamle nissen som fekk julegraут.
9. Forteljaren kjende ikkje til slike soger her frå.

**5524**

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING